

Eksamen

27.05.2019

HSF1003 Yrkesutøving / yrkesutøvelse

Programområde: Programområde for helse- og oppvekstfag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt opent internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid oppgi desse på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal oppgi forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>VURDERINGSRETTLEIING FOR SVARET</p> <p>- Når du løyser oppgåva, må du beskrive vala du gjer, og gi ei grunngiving.</p> <p>- Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og grunngi synspunkta dine og forslaget til løysing på oppgåva• trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine• meistre relevante grunnleggande ferdigheiter• bruke eksempel der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og etterretteleg måte

Eksamensoppgåve

Oppgåve 1

- a) Gjer greie for omgrepet profesjonalitet. Kva for eigenskapar bør ein ha i yrkesutøvinga for å vere profesjonell i møte med barn og unge?
- b) Vurder viktigheita av å vere profesjonell, og drøft konsekvensane det kan få for barn og unge om du ikkje er profesjonell i yrkesutøvinga.

Oppgåve 2

- a) Gjer greie for omgrepet fleirkulturell kompetanse. Korleis kan du i yrket ditt tileigne deg fleirkulturell kompetanse?
- b) Drøft fordelane ved og viktigheita av å ha tilstrekkeleg fleirkulturell kompetanse med tanke på framtida i yrket.

Oppgåve 3

- a) Forklar kva tverrfagleg samarbeid er. Skildre ein aktuell situasjon der tverrfagleg samarbeid er viktig, og grunngi det.
- b) Kva meiner du skal til for at eit tverrfagleg samarbeid skal fungere, og kva for eigenskapar kan du sjølv bringe med deg inn i eit slikt samarbeid i samband med yrkesutøvinga?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra internett, skal du oppgi nøyaktig nettside og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>VURDERINGSVEILEDNING FOR BESVARELSEN</p> <p>- Når du løser oppgaven, må du beskrive valgene du gjør, og gi en begrunnelse.</p> <p>- Kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven• trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger• gjøre rede for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg• mestre relevante grunnleggende ferdigheter• bruke eksempler der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte

Eksamensoppgave

Oppgave 1

- a) Gjør rede for begrepet profesjonalitet. Hvilke egenskaper bør man ha i yrkesutøvelsen for å være profesjonell i møte med barn og unge?
- b) Vurder viktigheten av å være profesjonell, og drøft konsekvensene det kan få for barn og unge hvis du ikke er profesjonell i yrkesutøvelsen.

Oppgave 2

- a) Gjør rede for begrepet flerkulturell kompetanse. Hvordan kan du i ditt yrke tilegne deg flerkulturell kompetanse?
- b) Drøft fordelene ved og viktigheten av å ha tilstrekkelig flerkulturell kompetanse med tanke på framtiden i yrket.

Oppgave 3

- a) Forklar hva tverrfaglig samarbeid er. Beskriv en aktuell situasjon hvor tverrfaglig samarbeid er viktig, og begrunn det.
- b) Hva mener du skal til for at et tverrfaglig samarbeid skal fungere, og hvilke egenskaper kan du selv bringe med deg inn i et slikt samarbeid i forbindelse med yrkesutøvelsen?



www.vigoiks.no/eksamen